

Hop

TEMA: Setegard og klostergoods ①47

KART: ④438



Setegarden på Hop; Thomas Erichsens Minde. Prospekt av J.F.L. Dreier, 1810.

STRØMSNES – FUTEGARDEN

Garden STRØMSNES var i kongen si eige frå seinmellomalderen; gjeven i forlening til vekslande embetsmenn. I 1627 selde kongen garden til futen MAURITZ BOSTEDE, som året etter også sikra seg ASK. Strømsnes var futegard fram til 1696, då «schoutbynacht» (admiral) HENDRICH JANSSEN GREVE overtok eigeodomen. Greve, som var svigerson til handelsminister, kjøpmann og skipsreiar JØRGEN THORMØHLEN, bygde ein ny staseleg hovudbygning som sommarbustad. Då han døydde i 1707, gjekk Strømsnes over til ein tysk adelsmann. Til garden høyrde då kornmølle, koparmølle, brennevinsbrenneri, sjøhus og eit eksotisk hageanlegg, som etter tradisjonen vart anlagt av munkar i mellomalderen.

I 1758 vart garden kjøpt av futen i Nordhordland, OLUF BILDSØE, som fekk så hard medfart under Strilekrigen i 1765. Seinare overtok kjøpmann GIERT VON DER OHE HAGELSTEEN eigeodomen i 1782-95 og i 1897 Troyeslekta, som framleis er eigarar. Hovudbygningen brann ned til grunnen i 1957.

Frå 1500-talet var HOP setegard for lagmannen i Bergen og Gulen lagdøme. Fleire av lagmennene var adelege, slik som HANS HANSEN LILLIENSKIOLD og NIELS KNAGENHJELM. Den vakre hovudbygningen, som framleis står, vart reist av bergenskjøpmannen THOMAS ERICHSEN i 1793-95. Han opparbeidde også ein stor slått bage med ein 800 meter lang lindeallé ned til steinmauset i Hopshavn.



Hovudinngangen på Hop har framleis den søyledekte fasaden frå slutten av 1700-talet.

Hovudhuset er eit staseleg byggverk i louis-seize-stil, med to vakre portalar og prydde søylerekker på tre sider, som ber mansardtaket. Bygget er eit glimrande eksempel på standarden i det bergenske handverket på denne tida. Vi må til BOGSTAD gard i Oslo, «GIMLE» i Kristiansand eller «NØISOMHEDEN» ved Molde for å finna stilmessige parallellar. Seinare er mansardtaket endra til halvvalm for å gje plass til loftsvindaugo. Bygningen, som i dag er aldersheim, er freda.

ASK- KONGSGARDEN

ASK er ein av dei eldste gardane på Askøya; kjend sidan 600-talet. Under rikssamlinga vart Ask ein av kongsgardane som HARALD HÅRFAGRE la under seg. I seinmellomalderen høyrde garden til Bergen biskop, OLAV TORKILDSSON, budde tidvis her.

Etter reformasjonen kom Ask igjen under krona og kongen, som i 1628 selde garden til futen MAURITZ BOSTEDE, trass i at slottsherren på Bergenhus gjekk mot salet og hevda at slottet ikkje kunne klara seg utan forsyningane frå denne storgarden. I 1642 vart Ask kjøpt av AXEL MOWATT (①49), som let garden over til den store godssamlinga under svigersonen, baron LUDVIG ROSENKRANTZ (①196) til Rosendal. Enno i 1865 var Ask langt den største garden på Askøya.

KONGSHAUGANE

Namn som «Kongshaugen» eller «Kongsvarden» er gjerne knytte til uvanleg store og velforma gravminne. Askøya har ikkje mindre enn to slike haugar, ein på Ask og ein på Hop.

KONGSHAUGEN PÅ ASK vart omrota og mykje øydelagd alt i 1840-åra. Funn er ikkje kjende. Haugen ligg no som ein rest og måler 15 m i tverrmål.

KONGSHAUGEN PÅ HOP (bilete) er 3 m høg, jamm og fin, med ein 22 m vid brem nedst. Over bremmen er tverrmålet 19 m. På flata på toppen bruka dei brenna jonsokbål før. Heller ikkje her er det kjent funn.



Vi veit såleis svært lite om kongshaugane på Askøya, men det er truleg at dei er frå den seinare delen av jernalderen, mellom 500 og 1000 e.Kr. Kva «kongar» som måtte ha lege i dei, har soga gøymt.